

## **Raselaget for dalasau**

Handlingsplan for reinrasa dalasau

rev 100324

## **HANDLINGSPLAN FOR REINRASA DALASAU**

Dalasau er ein av seks norske sauerasar som vert rekna som trua.

Raselaget for dalasau sitt føremål er å ta vare på, og å fremje bærekraftig bruk og utvikling av dei bevaringsverdige, reinrasa norske sauerasane. Avlsarbeidet skal sikre at den genetiske variasjonen innafor kvar rase vert oppretthalden, samstundes som ein tek vare på og utviklar særprega til rasane i samsvar med gjeldande rasestandardar."

Med innspel frå medlemmane har styret i raselaget for dalasau utarbeidd ein handlingsplan for reinrasa dalasau. Handlingsplanen vart vedteken på landsmøte 090324 og skal være eit styrande dokument for organisasjonen sitt arbeid på alle nivå.

**Raselaget for dalasau**

Handlingsplan for reinrasa dalasau

rev 100324

| Arbeidsmråde  | Mål   | Arbeidsform  | Dokumentasjon   | Ansvar                                      |
|---|---|--|---|---|
| <b>Kartlegging og overvaking</b>  |   |  |   |   |
| Rasepreg  | Kvalitetskontroll rasepreg  | Raselaget gjev innspel på rasestandarden til NSG<br>Private utstillingar med kåring av verlam og dømning av vaksne<br>Utarbeide katalogen for dyr til utstilling   | Rasestandard<br>Resultat frå utstilling<br>Katalogen  | Styret<br>Fylkeslag<br>Styret/<br>Fylkeslag |
| Populasjonsstorleik<br>Produksjonsegenskap<br>ar (kjøt, ull)<br>Funksjonelle<br>egenskapar (helse,<br>fruktbarheit,<br>haldbarheit) | Deltaking i sauekontrollen slik at det vert mogeleg å fylgje resultat og trendar gjennom rapportar frå denne, både på besetnings- og overordna nivå | Rasegodkjenning i sauekontrollen<br>Arbeide for auka andel som er medlem av sauekontrollen<br>Utarbeiding avlsplan og oppfølging av denne<br>Inntil vidare manuelt utarbeide lister for aktive vêrar i året<br>Offentleg kåre vêrlamma | Sauekontrollen<br>Sauekontrollen<br>Avlsplan 2024-2034<br>Vêrlister<br>Kåringsbevis offentleg | Styret<br>Alle<br>Styret<br>Styret<br>Alle  |
| <b>Karakterisering; særskilde eigenskapar</b>   |   |  |   |   |
| Ull   | Dalasauen skal utmerke seg med stor mengde ull i klasse C1  | Kvalitet på ull skal være eit viktig avlsmål, både lokalt og sentralt  | Avlsplan 2024-2034  | Styret                                      |

**Raselaget for dalasau**

## Handlingsplan for reinrasa dalasau

rev 100324

|                 |  |   |                                       |                      |
|-----------------|--|---|---------------------------------------|----------------------|
| Kjøtt           | Dalasauen skal levere to slakteklare lam i minimum klasse o+ ifrå fjellet i slutten av september | Kunnskapsbygging om ullkvalitet; utstillingar, informasjonsmateriell, informasjonsmøter                                   | Informasjonsmateriell                 | Styret<br>Fylkeslag  |
|                 |  | Utdanning av dommarar for å sikre kvaliteten på kåring av vêrlam og dømning: Rekruttering må skje lokalt i fylkeslaget.   |                                       | Styret/<br>Fylkeslag |
|                 |  | Analysar av ullfellar av seminkandidatar og evt andre   | Resultat ullanalysar                  | Styret               |
|                 |  | Kjøttproduksjon må inngå i avlsarbeidet både lokalt og sentralt   | Avlsplan 2024-2034                    | Styret<br>Alle       |
|                 |  | Seminvêrar må kunne dokumentere gode slakteresultat på avkom  | Slaktedata<br>Sauekontrollen          | Styret               |
|                 |  | Utdanning av dommarar for å sikre kvaliteten på kåring av vêrlam og dømning. Rekruttering må skje lokalt i fylkeslaget.   |                                       | Styret/<br>Fylkeslag |
| Helse           | Dalasauen skal være ein frisk og haldbar sau.  | Innføring av vektavvik ved kåring. Samarbeidsprosess med andre raselag og NSG må iverksettast for å få til dette.         | Kåringsskjema                         | Styret               |
|                 |  | Det skal ikkje avlast på dyr med negative helseeigenskapar og lyter, det er både dårleg dyrevelferd og økonomi.           | Sauekontrollen<br>Helseregistreringar | Alle                 |
| Gemytt          | Dalasauen skal være ein mild og roleg sau med gode morsevner.                                    | Utval av avlsdyr må baseras på milde mordyr med gode mors- og mjølkeevner. Dette kan registrerast pr dyr i sauekontrollen | Sauekontrollen                        | Alle                 |
| <b>Bevaring</b> |  |   |                                       |                      |
| Populasjonen    | Mål om å auke  | Informere og oppmuntre til deltaking i sauekontrollen   | Sauekontrollen                        | Styret               |

**Raselaget for dalasau**

## Handlingsplan for reinrasa dalasau

rev 100324

|       |   |  |                     |                               |
|-------|---|--|---------------------|-------------------------------|
| Miljø | populasjonen til minimum 3000 avlssøyer i sauekontrollen innan 2028 | <p>Produksjonsstøtte til kvar rasegodkjende sau i sauekontrollen</p> <p>Fylkeslag må fylgje opp landslaget sine vedtekter og retningsliner for drift, og være imøtekomande og inkluderande ovanfor nye medlemmar. Ein skal etter beste evne ta vare på eksisterande besetningar og ynskje (hjelp) nye velkomne.</p>  | Årsmeldingar        | Fylkeslag Styret<br>Fylkeslag |
|       | Bevare og skape levande lokale- og nasjonalt miljø kring dalasauen  | <p>Dei årlege utstillingane må være sosiale møteplassar på tvers av alder for utveksling av kunnskap, erfaringar og dei gode historiane.</p> <p>Denne dagen får vist fram flotte og velstelte dyr av begge kjønn, og heile pakka med førebuing og klargjering av dyra i forkant og sjølve utstillinga skapar gode opplevsalar ein tar med seg vidare i livet.</p> <p>Utstillinga skal være utdanningsorientert med at ein får tilbakemelding på kvaliteten på dyra frå dommarane. Ein ser og utviklinga på dyra; ullkvalitet og kropp, og ærkjenner viktigheita av gode eigenskapar for haldbarheit som koder og bein.</p> <p>Å stille ut dyra slik er sosialt, nettverksbyggande og aukar livdyrsalet.</p> <p>Fylkeslaga må vurdere om ei breiare inkludering i arrangementa av desse utstillingane kan føre til eit større engasjement.</p> <p>Involvere komande generasjonar i utvelging av avlsdyr, kåring, utstilling og andre aktivitetar kring sauen, både for å sikre drift i neste generasjon og for miljøet sin del.</p> | Årlege utstillingar | Fykeslag<br><br>Alle          |

## Raselaget for dalasau

### Handlingsplan for reinrasa dalasau

rev 100324

|                                      |  |  |  |   |
|--------------------------------------|--|--|--|---|
|                                      |  | <p>Auke aktivitet med deltaking og engasjement i organisasjonsarbeidet.</p> <p>Dele og spreie informasjon på sosiale media og gjennom artiklar i aviser og tidsskrifter.</p> <p>Samarbeid med NSG, andre små-raselag og Norsk Genressurssenter for kompetansebygging, erfringsutveksling, styrke og miljø.</p>   | <p>Heimesida:<br/>Reinrasasau.com<br/>Facebook Raselaget for dalasauen</p> <p>Samarbeidsavtale med NSG<br/>Samarbeidsavtale med Norsk Genressurssenter<br/>Møtereferat</p> | <p>Fylkeslag<br/>Alle</p> <p>Fylkeslag<br/>Alle</p> <p>Styret</p> |
| <b>Bærekraftig bruk og utvikling</b> | Dalasauen skal være eit reelt alternativ | <p>Produksjonen med dalasau må stå seg jamfør andre bevaringsverdige rasar. Ein må arbeide for å løfte dei attraktive eigenskapane med dalasau, og dei eigenskapane som gjev økonomisk vinning slik at totalpakka med dalasauen er eit fullgodt alternativ ved val av rase.</p> <p>Ein må arbeide for å behalde og styrkje husdyrtilskotet for bevaringsverdig rase; innspel til NSG/Bondelag/Bonde og småbrukarlaget ved jordbruksforhandlingane</p> <p>Auke kunnskap om optimale produksjonsforhold (fôr og produksjonsplanar, tilpassa drift)</p> | <p>Avlsplan 2024-2034</p>  | <p>Styret</p> <p>Styret</p> <p>Styret</p>                         |

## Raselaget for dalasau

### Handlingsplan for reinrasa dalasau

rev 100324

|  |                                      |  |  |        |
|--|--------------------------------------|--|--|--------|
|  | Sikre genmaterielt – og unngå innavl | Sauekontrollen må nyttast for å kunne ha kontroll med slektsskap i populasjonen.   | Sauekontrollen   | Alle   |
|  |                                      | Populasjonen må auke utan at det vert ei innavlsauke med påfylgjande negative konsekvensar som nedsett fruktbarheit og produksjonseigenskapar  |  | Alle   |
|  |                                      | Vilkår og regelverk må gjere det mogeleg med flytting av småfe over regionale grenser for å kunne verne om og utvikle rasen, og landslaget må ha kompetanse på dette området for å kunne delta konstruktivt i debatt og kunne bistå medlemmane i til dømes søknadsprosessar. | <a href="#">Regler for flytting av småfe   Mattilsynet</a> | Styret |
|  |                                      | Utval av uslekta seminkandidatar med gode både rase- og produksjonseigenskapar.  |  | Styret |
|  |                                      | Eldre semindosar skal takast fram og gjerast tilgjengeleg i kontrollerte former etter avtale.med NSG   |  | Styret |